Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bø.

Emne: Folkemedisin Bygdelag.

Oppskr. av: Olav Nordbø. Gard: Nordbø.

(adresse): Bø, Telemark. G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Husråd.

Eg har veit før svara på ei liknande liste. —
Folk var hardførare før i tida enn dei er nå. Det var „dyd av nødvendighet". Her var ikkje doktorar, bare kloke kjerringar og bygde-doktorar.

2.

Folk hadde lite greie på smitte før, men dei såg at det var noko som heitte smitte, og heldt seg bort frå huset. Per Bø døde i 1845 av nervefeber, og det var fleire som hadde sjuken, så dei var rædde for å koma inn på slike staden. Det same galdt diftereit. Det var ymse ting dei togg på og som skulle verge imot sjukdomar

15590

3.

Dei hadde ofte ståande Kamfer-spiritus på ei flaske. Kaktus var bra mot brannsår. Mot frostskade brukte dei grise-galde. Forat sår ikkje skulde verke opp meig dei i såret (urin).

Hadde dei skamfrose seg, gneid dei med snø. Og når dei skamfraus føtene, tæane, var urin bra å ha på.

4. Folk frå dei større gardar var ofton i byen um andre, og hadde da lèt fara å få tak i medisin. Nafta og kamfer hadde folk god tru på.

5.

Det hende folk lånde medisinar av ein annan.

6.

Det hende dei fekk låne medisin av jordmora, iglar.

Og det var prestar som lånte bort medisin.

Her var ein prest i Bø, som lånde bort dokter-bøker til ein bygdedokter, Søren Trondsen Haua.

15590

3

6.

Kvinner som var redde
for å miste nøet sitt
sette hue under når kua
lanna (meig) det var så
god råd.

7.

Når folk var krimsjuke
koka dei brakels som
dei hadde i vatn. Dei hadde
og salmiak i. Da løsna
det. Dei smurde au
talg under føtene.

8

Dei nytta dyvelsdrekk,
folk sa dievelsdrekk.
Gamle Hans Flatland,
den kjende spelemannen,
var ille plaga av kløyk.
Han drakk dyvelsdrekk
og brende seg opp så han
døde, - han hadde vel
teke for mykje.

9.

Det var både karar og
kvinner som samla inn
ofte kokje kvinner.

10

Dei hadde desse tinga
på flasker, i krukker,
i skåp eller kister.

11

Tradisjon om lækjeråd var
ofte munnleg.
I ei nogli heiter det:
Legg på ein lammeloost
i margo er det økkegodt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
15590

8. Bygdelækjarar.

16

Ofisielt var det ingen, men kvinnor dreiv og men mei i det stille.
Valborg Vøland var her i Bø og lækte folk, b. a. for gikta. Eg har tala med folk som ho har gjort godt att.

17

Begge delar.

18

Ja.

20

Ja, dei lærde av forfedrane, tok arven opp.

21.

Ja, some hadde medfødd givnad.

23.

Det var ofast folk som hadde anna arbeid, men dreiv og lækte ved sida av.

24

Some ville ikkje ha betaling sers når det var granna eller gode kjenningar. Men dei fekk ofte ta imot nokre skilling eller eit klesplagg eller matvarer.

25

Nei. Frende er frende vorert. Doktorane likte ikkje kvakksalvarane som gjekk dei i næringane, og dei truga stundom med å melda kvakksalvarane.

15590
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

26

Bygdedokterane var ofte populære, dei var bygde-folk, ikkje byfolk eller "øvre klasse". Dei var uvande å gå til.

27.

Det hende bygdedokterane blei nytta. Dei gjekk dei utlærde doktorane i næringa.
Her går soger om bygde-lækjarar som stelde sår, verk o.l. Etterpå hende dei byklærd lækjar. Doktoren sa: «Her har ikkje jeg noe å gjøre. Det er godt gjort!»
Det hende dei kom med lovord over bygde-lækjarane.

28.

Der kom ein dokter til bygda. Han hadde smurt noko på panna åt vedk. (jodd? helvetes-stein?). Ein bygdelækjar fekk greie på det, fekk vedk. til seg og gnudde på den staden så det blei sår, så fekk doktoren skulda for det. — Saka var framme i heradstyre, der blei skrive til departementet o.s.b.
Den eine braut ned den annans [illegible].

15590

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## B. Lækjeråd og lækjekurar

35

Dei nytta vatn frå helsekjelder, serleg norbrunnsvælle vatn, det var helsebot, t.d. mot kikhoste, ja andre sjukdomar og, difor var sleka aller vandfulle

37.

Det hende ikkje sjeldan at bygdedoktorar rådde til å nytte brennevin. Dei kunne og brenne brennevin sjølve.

38

Ja, mot eksem var det same som nytta tjære, (tjyru)

39.

Some bygdedoktorar laga reidskap sjølve. Det gjorde Søren Kåsa.

42

Kopping og årelating har vore nokså brukt til seinare tid. Eg kan huske det. Dei saug blodet ut og hogg hol på. Blodet var svart. Då kjende dei smertene blei borte, for ut gjennom armar og bein. Dei hadde årelatingsjarn med fjøri.

44.

Dei kjende iglar og

15590
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det var nokre som dreiv og stemmde blod. Og det blod, sa dei. Dei kalla dei blodstemm-kvina.

48

Søren Tronsen Kåsa, den mest kjende bygde-doktoren, hadde salvene i ei taske som han bar med seg. Han var født for 150 år sia. Bygdefolket reiste stein på grava hans.

Gunnulv Narten (1819 – 1901) dreiv og som bygdedokter.

## C. Lækjebøker

49

Som hadde dei t.d. Søren Kåsa som lånde bøker av presten her. Presten skjønne Søren hadde gode evner i lækjar-leida og lånte honom bøker som og hadde vore farende i Danmark.

Halvor K. Eikjamo, bygde-filosofen (1781 – 1811) hadde ei stor boksamling, og skipa lånsirkel i Bø i 1806. Han hadde dokter-bøker.

15590

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING